

Kven blir den beste tipparen i år?

11.01.2007



Gunn Mari Moberg vonar at mange vil vera med og konkurrera om den flotte pokalen også i år. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Denne helga startar Spar den årlege konkurransen om å bli den beste tipparen i Uskedalen. Konkurransen går over fem laurdagar og siste tipping som gjeld er i veka seks, fortel Gunn Mari Moberg til uskedalen.no.

Deltakarane spelar 96 rekker laurdagsfotball. Den som får mest rette totalt vinn ein flott pokal med denne inngraveringa:" Gratulerer som Spar Uskedalens beste tipper 2007". Det er og premier for dei som kjem på andre- og tredjepllassen.

- Kven var det som starta dette?
- Initiativet kom frå Norsk Tipping og eg kjenner ikkje til andre i vårt område som har noko tilsvarende.
- Korleis er det med oppslutnaden?
- Det har vore med omkring 15. Vi hadde den samme tevlinga i 2005 og 2006 og då vann Jørgen Moberg og Odd Steinar Arnesen.
Eg kan ikkje minnast at nokon av deltakarane har fått 12 eller 11 rette, men det har vore nokre tiarar.
- Er det organiserte grupper som tippar i denne konkurransen og som kjem hit og fyller ut kupongar?
- Ikkje som eg har registrert, det er helst hestetipparane som gjer det på den måten, seier Gunn Mari.

Uskedalen.no skal halda lesarane/tipparane orientert om tevlinga frå veke til veke!

Av Ola Matti Mathisen